

BACHELOROPPGÅVE

Ein kvalitativ studie av barneverntenesta og fosterforeldre si oppleving av samarbeidet kring fosterbarnet.

Kva skal til for å få eit godt samarbeid og kva utfordringar kan partane oppleve?

av

71 - Caroline Storehaug Øren

A qualitative study on the social workers and the foster parents view on collaboration regarding foster kids.

Barnevern
BSV5-300
05 - 2016

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva "*Samarbeid mellom barneverntenesta og fosterforeldre*" i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

71, Caroline Storehaug Øren

JA NEI

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	3
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA	3
1.2 PROBLEMSTILLING	3
1.3 OPPBYGGING OG AVGRENSING AV OPPGÅVA	4
2.0 TEORIDEL	4
2.1 KOMMUNIKASJONS- OG RELASJONSPERSPEKTIV	4
2.2 KOMMUNALE BARNEVERNET SINE OPPGÅVER	6
2.3 FOSTERFAMILIAR OG FOSTERBARNET	6
2.3.1 Godkjenning av fosterforeldre.....	7
2.3.2 Rettleiing av fosterforeldre.....	7
2.3.3 Kven er fosterbarna?	8
2.4 VIKTIGE ELEMENT FOR GODT SAMARBEID	8
2.4.1 Tillit	9
2.4.2 Kjenneteikn for god praksis.....	9
3.0 PRESENTASJON AV FORSKING PÅ TEMAET	10
3.1 CHILD PROTECTION WORKERS' PERCEPTIONS OF FOSTER CARERS ANS THE FOSTER CARE SYSTEM	11
3.2 "ET LIKEVERDIG SAMARBEID – Å SPILLE PÅ LAG".....	12
3.3 "Å HA ET BARN SAMMEN"	13
3.4 FORANDRINGSFABRIKKEN	14
4.0 METODE	15
4.1 VAL AV METODE.....	15
4.2 REKRUTTERING AV INFORMANTAR	16
4.3 INTERVJU.....	17
4.3.1 Gjennomføring.....	17
4.4 ANALYSE.....	17
4.5 MOGLEGE FEILKJELDER.....	17
4.6 METODEETIKK.....	18
5.0 RESULTAT OG DRØFTING	18
5.1 TILGJENGELEGHEIT OG KONTAKT MED BARNEVERNET:	18
5.2 TILLIT OG ANERKJENNELSE	21
5.3 STØTTE.....	22
5.3 ØKONOMISKE SYNSPUNKT	23
6.0 KONKLUSJON OG AVSLUTNING	24
7.0 LITTERATURLISTE	25
8.0 VEDLEGG	27
8.1 VEDLEGG 1 INTERVJUGUIDE.....	27
8.2 VEDLEGG 2 INFORMASJONSSKRIV	28
8.3 VEDLEGG 3 SAMTYKKESKJEMA.....	29

1.0 Innleiing

I 2014 var det i følge Statistisk sentralbyrå 9611 barn og unge med omsorgstiltak i barnevernet (SSB, 2015). Dette understrekar kor mange barn som er under omsorg av barneverntenesta og kor viktig desse tiltaka er. Fosterheim er eit av dei viktigaste plasseringstiltaka då over 7 av 10 barn og unge som var plassert i 2014 budde i fosterheim (SSB, 2015). For at desse barna skal få gode oppvekstvilkår er det av stor betydning at barneverntenesta og fosterforeldre har eit godt samarbeid. Samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldre kan vere avgjerande for om fosterbarna får den hjelpa og oppfølginga dei har rett på og behov for.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Gjennom praksisperioden min i ei barnevernteneste undra eg meg over tidsbruken på fosterfamiliar og korleis dei blei prioritert. Eg opplevde at fosterfamiliar blei nedprioritert. Det var ulike argument og grunnar til at saker blei nedprioritert, og alle saker er heilt forskjellige og individuelle og treng derfor ulik prioritering. Eg blei derfor enda meir interessert i fosterheimsarbeid og starta å tenkje på samarbeidet mellom fosterforeldra og barneverntenesta.

I tillegg har eg foreldre som er fosterforeldre, og har derfor fostersøsken. Eg erfarer gjennom samtalar med eigne foreldre og andre fosterforeldre at dei opplever det som vanskeleg og noko utfordrande å ha eit godt samarbeid med barneverntenesta. Gjennom praksisperioden opplevde eg også utfordrande samarbeid med fosterforeldre, som til dømes i saker der sakshandsamar overtok saker for tilsette som var sjukemeldt der fosterforeldra var i ein frustrert situasjon. Dette ønskjer eg å finne ut meir om og vil få fram korleis både tilsette i barnevernet og fosterforelder opplever samarbeidet.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga i denne oppgåva er å undersøke korleis samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldre opplevast av dei to ulike partane. Samt undersøke kva for utfordringar dei to partane opplever og kva som må til for å betre samarbeidet. For å undersøke dette har eg gjennomført ein kvalitativ studie kor ein tilsett i barneverntenesta og ein fosterforelder blei intervjuet for å få fram deira erfaringar og opplevingar av eit samarbeid.

Korleis opplever dei samarbeidet med kvarandre og kva fortel dei om det? Kva type utfordringar kan ha noko å seie for samarbeidet? Kva skal til for å få eit godt samarbeid? Dette er noko eg vil undersøkje ved hjelp av litteratur og forskning på temaet i tillegg til intervju av fosterforelder og tilsett i barneverntenesta.

1.3 Oppbygging og avgrensing av oppgåva

Eg har valt å har fokus på barn som er under omsorg av barneverntenesta og blitt plassert i fosterheim etter Lov om barnevern § 4-12. Først vil eg presentere dei to teoretiske perspektiva relasjons- og kommunikasjons perspektiv. Dette vert knytt opp til det som inngår i eit samarbeid. Ved å vidare gi eit innblikk i kva oppgåver den kommunale barneverntenesta har, og då særleg knytt til fosterbarn og fosterfamiliar, kan ein lettare forstå kva som ligg til grunn for at eit barn skal flyttast i fosterheim. Deretter presentera eg kva ein fosterheim er, kva oppgåve fosterforeldra må utføre, samt kva som kjenneteiknar eit fosterbarn. Kva som kjenneteiknar eit fosterbarn vil få fram kva behov eit fosterbarn kan ha og derfor fortelle oss noko om i kva grad det er naudsynt med eit tett samarbeid mellom barneverntenesta og fosterforeldra.

Vidare presentera eg studiar med temaet samarbeid mellom barneverntenesta og fosterforeldre. Her vil det komme fram ulike funn frå tidlegare studiar som eg kan ta vidare med i drøftingsdelen i oppgåva. Før eg presentera funn i studien og drøftar dette, vil eg beskrive litt om framgangsmåte, rekruttering av informantar, gjennomføring av intervju, analyse og kva som kan vere moglege feilkjelder til studien, i metode kapitlet. Til slutt kjem presentasjon av funn og drøfting før eg laga ei oppsummering av det heile i ei avslutning.

2.0 Teoridel

For å belyse oppgåva vil eg bruke relasjons- og kommunikasjonsperspektiva. Dette er relevant i forhold til problemstillinga, då både relasjon og kommunikasjon er ein sentral del i eit samarbeid.

2.1 Kommunikasjons- og relasjonsperspektiv

Fleire kommunikasjonsteoriar blir forenkla der kommunikasjonen mellom menneske inneheld ein avsendar, ein mottakar, eit budskap, ein intensjon, verbal og nonverbal kommunikasjon

(Jensen & Ulleberg, 2011, s.28). Kommunikasjonsperspektivet handlar om korleis ”vi forstår virkeligheten, hvordan vi sanser, oppfatter og tolker enkeltgjenstander, fenomen, situasjoner og samspill” (Jensen & Ulleberg, 2011, s.28). I alt vi gjer kommunisera vi, enten det er verbalt eller nonverbalt og det vil ikkje vere mogleg for menneskjer å ikkje kommunisere sidan alt du seier og gjer blir oppfatta som kommunikasjon (Jensen & Ulleberg, 2011, s.21). Eit døme på dette kan ver å ikkje svare på ein SMS, då sendaren vil tolke situasjonen og oppfatte det på sin måte. Kommunikasjon føregår mellom to eller fleire personar og innebere utveksling av informasjon mellom desse (Håkonsen, 2009, s.218).

Når vi snakkar om relasjon meina vi derfor eit forhold eller forbinding mellom to eller fleire menneskjer (Jensen & Ulleberg, 2011, s.46). Frå vi er nyfødde inngår vi ein relasjon til foreldre og andre omsorgspersonar, og blir deretter forma og utvikla etter dei rammene som relasjonen setter opp (Håkonsen, 2009, s.26). Det vil seie at frå vi blir født til vi dør, inngår vi i relasjon med andre, enten det er tette, omfattande og viktige relasjonar, eller om det er ein avgrensa relasjon (Jensen & Ulleberg, 2011, s.20). Avhengig av kvaliteten på relasjonen vil vi føle oss som subjekt eller objekt i relasjonen og tilsvarande for relasjonspartnaren vil vi sjå på han/ho som enten subjekt eller objekt (Sollesnes, 2008, s.13). Til dagleg omgås vi med personar som vi av nødvendige eller profesjonelle grunnar har ein relasjon til, og i desse relasjonane er vi objekt for kvarandre, og det fungera greitt (Sollesnes, 2008). Med dette meinast det at relasjonen kanskje ikkje er frivillig, men av ulike grunnar er nødvendig og dermed har personane ei forståing av kvifor det må vere slik.

Eit relasjons- og kommunikasjons perspektiv blir nærmast overlappande, då all kommunikasjon føregår i ein relasjon, og det er utenkeleg med ein relasjon der det ikkje føregår kommunikasjon (Jensen & Ulleberg, 2011, s.19). Ved å sjå på kvarandre, smile, lytte, snakke, le, gråte, diskutere eller klemme kommunisera vi med kvarandre, og dette skjer i alle relasjonar vi inngår i. I ein praktisk situasjon er det i følge den triadiske modellen tre sentrale element som møtast (Jensen & Ulleberg, 2011, s.40). Denne modellen kan brukast der ein profesjonsutøvar og brukar møtast i forbinding med ei sak, eit tema eller utfordring, som til dømes barnevernsarbeidaren – fosterforeldre – fosterbarnet. Ein slik kommunikasjon omhandlar både innhaldet og forholdet. Det er gjennom samtale og kommunikasjon med brukaren at relasjonen etablerast, og denne relasjonen vil vere grunnlaget for den vidare kontakten og samarbeidet (Jensen & Ulleberg, 2011). Dersom barnevernsarbeidaren formidlar sine synspunkt kring eit tema kan det oppstå ein situasjon der foster-mor/far bli usikker og

tvile på seg og sine val kring barnet. Det er også tenkeleg at dei i ein slik situasjon kan innta i ei avvisande haldning til barnevernsarbeidaren (Jensen & Ulleberg, 2011).

2.2 Kommunale barnevernet sine oppgåver

Barnevernslova (1992) §4-2 krev at barneverntenesta innan ei veke skal gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal undersøkast vidare. § 4-3 i barnevernslova (1992) seier at ”Dersom det er rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter dette kapitlet, skal barneverntjenesten snarest undersøke forholdet”. Desse paragrafane viser framgangsmåten til barneverntenesta, og kva lovteksten krev. Vidare i prosessen blir det vurdert om eit hjelpetiltak kan hjelpe situasjonen til foreldre og barnet. Dersom eit eller fleire hjelpetiltak ikkje endrar situasjonen og det fortsatt ikkje er tilstrekkeleg for barnet å fortsette å bu hos sine biologiske foreldre tar dei saka vidare til fylkesnemnda (Bunkholdt, 2014, s.43). Det er deretter fylkesnemnda som avgjer om barnet blir plassert utanfor heimen eller ikkje. Dersom fylkesnemnda fattar omsorgsovertaking av barnet tar dei også stilling til kor mykje og ofte det skal vere samvær mellom barnet og foreldra (Bunkholdt, 2010, s.43). Hyppigheta av samvær vil også ha noko å seie for samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldra, då samvær skal ver avklart og planlagt, og dersom det er ofte samvær vil det naturlegvis ver oftare kontakt mellom partane.

Når barnet har fått tildelt ein fosterheim som det kan flytte til er det fortsatt barneverntenesta som har omsorga for barnet, men fosterfamilien som utøver den daglege omsorga for fosterbarnet, dette går fram av barnevernslova (1992) § 4-18. I følge Forskrift om fosterhjem (2003) §7 første ledd er barneverntenesta i omsorgskommunen til barnet plikta til å følge opp det enkelte barns situasjon i fosterheimen. Vidare seier forskriftene (2003) §7 tredje ledd at barneverntenesta skal besøke fosterheimen minimum 4 gonger i året og så ofte som nødvendig for å kunne oppfylle ansvaret dei har om oppfølging av barnet.

2.3 Fosterfamiliar og fosterbarnet

Barnevernslova (1992) § 4-22 definerer ein fosterheim slik:

- a) *private hjem som tar imot barn til oppfostring på grunnlag av barneverntjenestens beslutning om hjelpetiltak etter § 4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12 eller § 4-8 annet ledd og tredje ledd,*

b) private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7

Det vil seie at ein fosterheim er ein privat heim/familie som har omsorgsoverskot til å ta vare på eit barn som ikkje lenger kan bu med sine biologiske foreldre. Forskriftene om fosterheim (2003) §3 har generelle krav til dei som skal ver fosterforeldre:

”Fosterforeldre må ha særlig evne, tid og overskudd til å gi barn et trygt og godt hjem. Fosterforeldre må ha stabil livssituasjon, alminnelig god helse og gode samarbeidsevner. De må også ha økonomi, bolig og sosialt nettverk som gir barn mulighet til livsutfoldelse”.

2.3.1 Godkjenning av fosterforeldre

Parent Resources Information Development Education (PRIDE) er eit amerikanske opplæringsystemet for kommande fosterforeldre, som er blitt teken i bruk i Norge, ved å tilpassast dei norske forholda (Bunkholdt & Kvaran, 2015). Dei som deltek på PRIDE kurset er dei som vurderer å bli fosterforeldre og dei som har bestemt seg for det. Kurset vil hjelpe dei til å finne ut om dei vil bli fosterforeldre, ved å bli betre kjende med seg sjølv, sine holdningar og verdiar gjennom individuelle og gruppebaserte øvingar som til dømes rollespel. Dette PRIDE bidrar til å gi ei oppfatning av situasjonar som kan oppstå og kven man kan forvente å måtte samarbeide med i ei fosterheimsplassering (Bufdir, 2013).

2.3.2 Rettleiing av fosterforeldre

For at det skal bli ei vellykka plassering både for barnet, fosterfamilien og barnevernet er det viktig at fosterfamilien får den oppfølginga dei treng, dette innebere råd om konkrete situasjonar og hendingar som kan oppstå i fosterfamilien (Bunkholdt & Kvaran, 2015). I tillegg må barneverntenesta ta stilling til og drøfte korleis situasjonen som fosterfamilie påverkar det enkelte familiemedlem. Dette blir tydeleggjort av Forskrift om fosterheim (2003) §7 andre ledd som plikta barneverntenesta å ”gi fosterforeldrene nødvendig råd og veiledning i forbindelse med plassering av det enkelte barn så lenge plasseringen varer”. Dette vil eg kople opp til samarbeidet mellom fosterforeldre og barnevernet då man kan sjå ein samanheng mellom ei vellykka plassering og samarbeidet.

2.3.3 Kven er fosterbarna?

Bunkholdt og Kvaran (2015, s.261) viser til ein dansk forskingsoversikt frå 2003, der det kjem fram at dei barna som må flytte frå foreldra sine kjem frå familiar som er dårlig stilt på fleire områder. Døme på dette kan ver foreldre med lav utdanning, dårlig økonomi og som er marginalisert i arbeidsmarknaden. Bunkholdt og Kvaran (2015, s.262) viser også til eit nyare studie ”som viser at plasserte barn generelt har langt større problemer enn ikkje-plasserte barn”. Plasserte barn hadde fleire barnepsykiatriske diagnosar enn jamnaltra, og dei viser klart dårlegare teikn til styrke og svakheit enn ikkje-plasserte barn. Bunkholdt og Kvaran (2015, s.263) hevdar at plasserte barn har fleire helseproblem enn jamnaltra, samstundes som man må tenkje på at ”utsatte barn generelt har dårlegere helse enn barn i familier med høgere levestandard”. Ein forklaring på dette kan vere at ikkje-plasserte barn får tid til å vidareutvikle ei dårlig utvikling, i forskjell til plasserte barn som kan få hjelp til å stoppe den dårlige utviklinga. Eit tidleg samarbeid med andre tenesteytarar som til dømes BUP, PPT, skule og barnehage kan ver med på å hindre ei dårlig utvikling. Samstundes er det nokre barn som lever under så omfattande omsorgssvikt at sjølv tidleg hjelp kanskje ikkje kan hindre alvorleg problemutvikling (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s.263).

Kjenneteikn ved fosterbarn kan vere tilknytingsproblem og dårlige sosiale ferdigheit (Bunkholdt, 2010, s.117), i tillegg til følelsmessige problem, åtferdsproblem og dårlig sjølvbilete (Bunkholdt & Kvaran, 2015). Gjennom oppveksten dannar sjølvbilete seg som eit spegelbilete av den omsorga dei får. Dersom barnet blir behandla kjærlig og omsorgsfullt, får dei ei oppfatning om at dei er ”elsk-verdig”, at dei fortentar å bli behandla slik (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 172). Vidare kan man seie at dersom dei opplever omsorgssvikt ser dei også på denne type ”omsorg” som noko dei har fortent, og kan av dette få eit negativt bilete av seg sjølv (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s.272).

2.4 Viktige element for godt samarbeid

Det å ver ein del av eit team kan man bruke i mange samanhengar som til dømes kriseteam, leiarteam, faglige team og rettleiingsteam (Kinge, 2012, s.25). I denne samanheng kan man også seie at dei som jobbar rundt barnet for at det skal få dekt og tilrettelagt for sine behov og rettigheter, må man jobbe som ein del av eit team. Eit slikt team kan bestå av til dømes barneverntenesta, fosterforeldre, skule/barnehage, BUP, PP-Tenesta. Dersom teamet ikkje fungerer kan det oppstå situasjonar der det ikkje er samarbeid mellom aktørane i teamet, og vi

kan ende som enkeltaktørar og oppleve handlingsvegring (Kinge, 2012). I slike tilfelle kan det man kan kalle for ”tilskodareffekten” oppstå, der det blir forventa at nokon andre skal handle (Kinge, 2012). Det kan oppstå i eit team at den enkelte deltakar forventar at andre i teamet skal handle grunna sin faglige kompetanse eller kontakten den personen har med barnet eller familien, noko som kan få alvorlige konsekvensar. Konsekvensar kan vere møter som ikkje blir avtalt eller viktig informasjon som ikkje kjem fram til målet sitt, fordi kvar medlem i teamet tenkjer at nokon andre tar seg av dette. Det er som oftast ikkje likegyldighet som er grunnen til ”tilskodareffekten”, men heller usikkerheit knytt til ein eigen kompetanse og vurdering (Kinge, 2012, s.26).

2.4.1 Tillit

I eit samarbeid mellom barneverntenesta og fosterforeldre vil det vere viktig å ha tillit til kvarandre. ”Tillit letter overføring av informasjon og kunnskap” (Grimen, 2009, s.74). Grimen (2009, s.11) viser til den kinesiske filosofen Confucius som hevdar at ”De som stoler på hverandre samarbeider mer og er mer tolerante, risikovillige, kreative og fornøyde enn andre”. Grimen (2009, s.11-12) hevdar at dette berre delvis er rett, då tillit også kan ha meir alvorlege konsekvensar. Som til dømes i samarbeid med kriminelle og korruperte personar, og grupper der individa kunn stolar på gruppedemlema og ikkje nokon utanfor denne gruppa (Grimen, 2009). Dersom barneverntenesta har tillit til fosterforeldra vil dei ikkje trengje å stadig undersøke om det fosterforeldre fortel er sant.

2.4.2 Kjenneteikn for god praksis

Jensen og Ulleberg (2011, s.47-48) referera til Norcross som beskriv god og vellykka praksis. Eit hovudpunkt er at barnevernsarbeidaren må ha empati, evne til å bygge ein allianse og lytte til brukaren/ klienten som dei jobbar med, som i dette tilfellet vil seie foster- mor/far. Det brukaren fortel av erfaringar og opplevingar skal komme framfor den profesjonelle sine forklaringar, det vil derfor ver viktig å anerkjenne fosterforeldra (Jensen & Ulleberg, 2011, s.47). Det er ikkje alltid den profesjonelle og brukaren har same oppfatning av forholdet dei har. Dersom den profesjonelle stiller spørsmål til brukaren og korleis han/ho opplev forholdet til den profesjonelle, kan dette fremme eit betre samarbeidet. Brukaren sine eigne vurderingar vil med dette bli hørt og det er mogleg å andre arbeidsmåten ilag. Dersom den profesjonelle spør brukaren om kva som har vert hjelpsam etter eit godt og vellykka arbeid kan svaret vere:

”...at hun ble lyttet til, at hun følte seg sett, at hun ble akseptert, følte seg anerkjent, opplevde å bli møtt med tillit og andre karakteristikker som handler om brukerens relasjon til deg og din kollegaer” (Jensen & Ulleberg, 2011, s. 48).

Pedersen, Austrheim, Totland, Andenes & Stær (2014) refererer i si oppgave til Willumsen som skriver om Perception of Interprofessional Collaborative Model (PINCOM) som er utviklet av Atle Ødegård. Modellen tar for seg det tverrprofesjonelle samarbeidet, men kan knyttes opp til samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldre også (Pedersen et al., 2014). Modellen har 12 aspekter om korleis eit samarbeid fungerer, men Pedersen et al. (2014) tar berre føre seg fem av desse, då det er dei som er særleg relevante i denne samanheng. Motivasjon for å samarbeide er første eigenskap Pedersen et al. (2014) skriv om. Motivasjonen til barnevernsarbeidarar kan vere at dei er lovpålagt å samarbeide med fosterforeldra, og ein motivasjon for fosterforeldra kan vere om dei føler at dei får noko igjen for samarbeidet, ”at det er nyttig for å forstå barnet sitt og få råd og støtte” (Pedersen, et al., 2014, s.12). Det andre aspektet er at ”rolleforventningene” er avklart. Dei kan ha ulike eller like forventningar for kva barnevernsarbeidarane skal bidra med, og kva rolle fosterforeldra skal ha. ”Personleg stil”, som er det tredje aspektet, kan påverke kjemien mellom samarbeidspartane, som i dette tilfellet er snakk om barnevernsarbeidaren og fosterforeldra. Som det fjerde aspektet blir ”profesjonell makt” presentert. Her er det snakk om ubalanse i maktforholdet som blir tydeleg når den profesjonelle brukar fagleg språk og kunnskap til å fremme sine løysningsforslag. Det femte og viktigaste aspektet er kommunikasjon, som blir beskriven som ”selve limet i alt samarbeid” (Pedersen, et al., 2014, s.12)

3.0 Presentasjon av forskning på temaet

I dette kapitlet skal eg skrive om forskning som eg finn relevant for mi oppgave. På grunnlag av problemstillinga har eg valt tre studiar, ein australsk og to norske studiar. Desse studiane tar føre seg mykje av det eg skriv om knytt til problemstillinga mi. Den australske studien handlar om barnevernsarbeidarane sine oppfatningar av fosterforeldre og fostersystemet, her er det derfor barnevernsarbeidarane som blir intervjuet. I dei norske studiane blir fosterforeldre intervjuet i forbindelse med deira opplevingar knytt til samarbeidet med barneverntenesta. I tillegg vil eg presentere eit hefte frå ei prosjektgruppe, der fosterforeldra sine opplevingar og utsegn knytt til samarbeidet med barneverntenesta kjem fram.

3.1 Child Protection Workers' Perceptions of Foster Carers and the Foster Care System

Studien "Child Protection Workers' Perceptions of Foster Carers and the Foster Care System: A Study in Queensland" gjennomført av Jane Thomson i Queensland i Australia tar for seg bekymringar kring den store avhengigheten til "out-of-home care" og kvaliteten til fosterheimar (Thomson, 2007). Bekymringa er knytt til det store behovet for å plassere barn utanfor heimen. Ordet behov i denne samanheng knytt til barnets behov for å ha andre omsorgspersonar som kan følge dei opp og gi dei det dei treng når biologiske foreldre sjølv ikkje meistrar denne oppgåva. Thomson har gjennomført intervju der ho hadde fokus på barnevernsarbeidarane sitt samarbeid med fosterforeldre, og deira holdningar til biologiske foreldre. I studien deltok 12 av 20 barnevernarbedarar ved eit kontor i nordre del av Queensland. Intervjuet tok ca. 2 timar der informantane blei intervjuja kvar for seg.

Thomson (2007) fann blant anna ut i studien at barnevernsarbeidarane ofte følte at dei ikkje fekk tid til å følge opp barna like mykje som dei skulle ønskje og dette grunna stress på jobben. Barnevernsarbeidarane følte dei ikkje strakk til med alt arbeidet med fosterfamiliar som førte til at dei ikkje fekk fulgt opp fosterbarnet like mykje som dei ønskte.

Barnevernsarbeidarane forventa av fosterforeldra at dei skulle ver barnesentrert og ha fosterbarnets behov som ei høg prioritering. Dei blei stadig satt i posisjon der dei måtte vurdere om omsorga barnet fekk var god nok. Eit problem som stadig kom igjen i den samanhengen var godtgjering. Thomson (2007, s.7) skriv "A particular issue that reinforced the operation of these expectations related to remuneration. Some workers were very aware of the costs to foster carers of having children in their care and the difficulties they experienced". Det var eit gjennomgåande tema for barnevernsarbeidarane å vurdere korleis fosterforeldra stod i forhold til det å få godtgjering. Barnevernsarbeidarane hadde fokus på å finne dei fosterforeldra som hadde riktige motiv for å bli fosterfamilie. Det var både dei som krevde mykje pengestøtte/godtgjering, og dei som ikkje såg på pengane som ein motivasjon for å gjennomføre oppdraget for barnevernet. Nokre av barnevernsarbeidarane var veldig klar over at den pengestøtta fosterforeldra mottok ikkje var stor nok til å dekke alle utgiftene knytt til barnet. Ein av arbeidarane sa: "They use it all on the child ... The money they get can never pay for their rent or supplement their income in any shape or form I don't believe" (Thomson, 2007).

Eit tema som blir trekt fram i Thomson sin studie er når det var snakk om midlertidige plasseringar. Her var det i nokre tilfelle ikkje alle fosterforeldre som godtok at barnet ikkje

skulle vakse opp hos dei, og hadde forventningar til at barnet skulle kalle dei for mamma og pappa (Thomson, 2007). Eit anna dilemma for barnevernsarbeidarane var når fosterforeldra ikkje forstod at barnevernet hadde andre barn dei skulle følge opp også. Ein tilsett sa: ”They don’t see that there are a whole lot of other children ... and ... sometimes the foster carers just have too much ... expectation on what they’re wanting us to do” (Thomson, 2007, s.8).

3.2 “Et likeverdig samarbeid – å spille på lag”

Den norske studien ”Et likeverdig samarbeid – å spille på lag”, av Heidi Austvik Worren, tar også utgangspunkt i samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldre. I Worren sin studie gjennomførte ho gruppeintervju frå to forskjellige rettleiingsgrupper for dei kommunale fosterheimane, der 13 av 16 deltok. Det var 5 fosterforeldre par og 3 fosterforeldre, i alderen 34-53 år, til stades. Dei fleste hadde vert fosterforeldre i eit år i gjennomsnitt.

Fleirtalet av fosterforeldra i studien fortalte om positive erfaringar knytt til samarbeidet med barneverntenesta, og eit mindretal fortalte om negative erfaringar knytt til samarbeidet. Fosterforeldra ga uttrykk for at det å bli sett på som likeverdig samarbeidspart av barneverntenesta var av stor betydning for eit godt samarbeid. Vidare fortel informantane at dei gjennom sine erfaringar opplevde at sakshandsamar sette av tid til heimebesøk, og kontakt via telefon, SMS og e-post. Dei opplevde også at dei som fosterforeldre kunne ta kontakt når dei hadde behov for det, og presisera at det var moglegheita for å kunne få kontakt som var tyggande. Det var ikkje alltid at dei hadde behov for det, men moglegheita for snar hjelp var til stades.

Viktige motivasjonsfaktorar for fosterforeldra var å få tilbakemelding, ros og oppmuntring frå barneverntenesta. Dette var sentrale faktorar for eit godt samarbeid, og dei meinte det ville gjer det lettare å stå i oppgåva som fosterforelder. Samstundes kunne dei savne å få tilbakemelding og svar på enklare spørsmål som omhandla barnet. Det var også nokre som ønskte dette i større grad, og dersom dei ikkje fekk tilbakemelding eller det var kunn eit negativt fokus på det som var problematisk og utfordrande kunne det gi ein følelse av å ville gi opp. Det var derfor alle fosterforeldra som ”vektla betydningen av å få tilbakemelding, ros og oppmuntring fra barneverntjenesten som helt sentralt i samarbeidet, og som en viktig motivasjonsfaktor for å stå i oppgaven” (Worren, 2014, s.37-38).

Dei fleste av fosterforelderen i denne studien opplevde som tidlegare nemnd å ha ein sakshandsamar som som var engasjert og omsorgsfull. Dette viste dei gjennom å ta kontakt og ønskje å vite korleis det gikk med fosterforeldra, barnet og resten av familien. ”Det at saksbehandlar tok initiativ, viste engasjement og var oppriktig interessert i hvordan det gikk med barnet og dem som fosterfamilie var særlig betydningsfullt i samarbeidet” (Worren, 2014, s.41). Vidare skriv Worren (2014, s.41) at fosterforeldra opplevde dette som eit ”grunnlag for en relasjon preget av tillit og åpenhet i samarbeidet”.

At fosterforeldra blei høyrte på og fekk sei si meining, når dei skulle finne ei løysing saman med barneverntenesta var, av stor betydning for eit likeverdig samarbeid. Det var også dei som hadde opplevingar kring det å vere pådrivar i samarbeidet, og dette kunne opplevast einsamt og krevjande. Ein anna faktor som var av stor betydning for fosterforeldra var å få all den informasjonen barneverntenesta hadde om barnets behov og tidligare opplevingar og erfaringar. I studien var det nokre fosterforeldre som hadde opplevd at barneverntenesta ikkje tok hensyn til deira forståing og meining. Når fosterforeldra daglig må stå i ulike utfordringar kring utviklingsstøtte til barnet og gi god omsorg opplevde dei det som krevjande og slitsamt å ikkje bli høyrte på sine meiningar. Dette gav ein følelse av å stå aleine om ansvaret.

3.3 ”Å ha et barn sammen”

”Å ha et barn sammen” er ein norsk studie av Siv Anne Dimmen, som omhandlar kontakta mellom fosterforeldre og barneverntenesta. Problemstillinga til studien er: ”Korleis forstår fosterforeldra kontakta dei har med barneverntenesten?” (Dimmen, 2007, s.5). Utvalet i studien består av ti fosterforeldre, frå åtte familiar. Dimmen hadde som kriterium for utvalet at dei skulle vert fosterforeldre i minimum to år, ikkje ver beredskapsheim og ikkje ha oppdrag frå den kommunen ho (Siv Anne Dimmen) var tilsett. Informantane var i alderen 29 til 62 år, men dei fleste i førtiåra (Dimmen, 2007). ”Hensikta er ikkje å finne fram til kva som er rett eller feil måte å forhandle på innanfor denne verksemda, men korleis desse forhandlingane føregår med utgangspunkt i fosterforeldre si forståing” (Dimmen, 2007, s. 38).

Ut i frå funna i studien definerer Dimmen (2007) fire ulike posisjonar som fosterforeldre og barneverntenesta kan ha til kvarande. Desse posisjonane har eit analytisk formål. Den første posisjonen Dimmen definerer er *kollegaposisjonen* der fosterforeldra er ”orientert om

formelle forhold og brukar samhandlingsverktøy som er kjende for barnevernsarbeidarane” (Dimmen, 2007, s.55). I denne posisjonen er fosterforeldre og barneverntenesta i stor grad likestilt og dei har ein open kontakt. Den andre posisjonen er *koordinatorposisjonen*, der barnevernsarbeidaren blir ”brukt som ein offentleg instans for å setje rammene og trå til når problem oppstår” (Dimmen, 2007, s.55). Her legg fosterforeldra i større grad vekt på at barneverntenesta er minst mogleg inne i familien, slik at dei kan ver ein ”vanleg” familie. Tredje definisjonen på posisjon som Dimmen brukar er *medforeldreposisjonen* som tar utgangspunkt i den personlege relasjonen mellom fosterforeldre og barnevernsarbeidar ” der kjensler hos dei vaksne får ein naturleg plass” (Dimmen, 2007, s.55). Ved at barnevernsarbeidaren er tilgjengeleg utanfor ordinær arbeidstid blir dei profesjonelle grensene utviska. Til slutt skriv Dimmen (2007) om *konfliktposisjonen* som er den vanskeligaste posisjonen og skapar utryggleik hos fosterforeldra. Eit slikt forhold er prega av fosterforeldre som forsøker å strekkje ut til andre instansar for å få støtte i forhold til barneverntenesta, samt hjelp kring dei omsorgsoppgåvene barnet har behov for (Dimmen, 2007).

3.4 Forandringsfabrikken

Forandringsfabrikken består av ”proffene” som er barn og unge frå hjelpesystema i Norge. Dei vidareformidla deira erfaringar med systemet til ministera, stortingspolitikarar, fagfolk, forskarar og studentar. Forandringsfabrikken ”sitt mål er at barn og unge er med å bestemme hjelpen de skal motta, på samfunnsnivå og individnivå (Forandringsfabrikken, u.å).

Forandringsfabrikken har gjennom eit prosjekt med Norsk fosterheimsforeining gitt ut hefte ”Håndbok for bedre kommunikasjon i fosterfamilien” som har tatt utgangspunkt i 200 fosterforeldre som deltok på kurs for kommunikasjon i 2005-2006. Her skildrar fosterforeldra egne opplevingar av kommunikasjonssituasjonar og drøfta erfaringar.

Noko av det fosterforeldra fortalte om var dersom sakshandsamar blei personleg og ga noko av seg sjølv, var det lettare for fosterforeldra å komme fram til ei løysing som skulle komme fosterbarnet best mogleg til gode (Sanner & Dønnestad, 2008). I motsetning til å snakke om lovverket og ikkje gi noko av sine personlege meininger. Fosterforeldra meinte at det var lettare å ver raus og tenkje på å finne ei løysing. Sjølv om det ikkje er dette fostermor/fosterfar syns er den beste løysinga, går dei frå samtalen og føler at dei har blitt

høyrtd og hatt ein samtale/dialog. Det å bli høyrtd er eit viktig punkt i refleksjonen til fosterforeldra.

I dette heftet vert det også diskutert fråværet til sakshandsamar, og fosterforeldre fortel at det kan opplevast svært frustrerande. Dette spesielt i dei situasjonar der dei er avhengig av tilstrekkeleg informasjon for å kunne handle til det beste for barnet (Sanner & Dønnestad, 2008).

4.0 Metode

Johannessen, Tufte & Christoffersen (2010, s. 29) forklarar at samfunnsvitskapleg metode handlar om korleis man kan gå fram for å skaffe informasjon om den sosiale verkelegheita og analyse av informasjonen. Metode kan derfor vere eit "hjelpemiddel" som fortel oss korleis vi skal samle inn informasjon og korleis man bør analysere denne informasjonen. "Det dreier seg om å samle inn, analysere og tolke data, og dette er en sentral del av *empirisk forskning*" (Johannessen, et. al., 2010).

4.1 Val av metode

Som metode i oppgåva har eg valt å bruke empirisk studie. Ordet empiri kjem av det greske *empeira* og betyr forsøk eller prøve, og blir forklart som eit utsegn om verkelegheita som har grunnlag i erfaring (Johannessen, et al., 2010). Det er vidare forskjell på kvalitativ og kvantitativ forskning. Johannessen, et al. (2010, s.363) skriv at kvalitativ og kvantitativ er omgrep som viser til spesielle eigenskapar, der "kvalitativ betyr beskaffenhet og viser til eigenskapar ved fenomenar, mens kvantitativ viser til mengde og antall". Som utgangspunkt kan både kvalitative og kvantitative data gjenspegle eigenskapar og kvalitetar kring det som studerast. Sjølv om man brukar eit spørjeskjema eller samtaleintervju kan man få ei innsikt i andre personar sine opplevingar av sin livsverden (Johannessen, et al., 2010, s.363). Mindre haldbare kjenneteikn ved kvalitativ tilnærming er at den undersøker djupare, har ei heilskapleg forståing og er større nærleik til det som blir studert (Johannessen, et al., 2010). Dette er grunnlaget for at eg har valt å bruke kvalitativ forskingsmetode i studien min. "Det kvalitative forskningsintervjuet søker å forstå verden sett fra intervjupersonenes side" (Kvale & Brinkmann, 2009, s.21). For å få fram barnevernspedagogens og fosterforeldra sine opplevingar knytt til eit samarbeid, vil det derfor vere hensiktsmessig bruke eit kvalitativt intervju. Det vil her vere rom for å snakke kring historier og hendingar som dei har opplevd.

4.2 Rekruttering av informantar

Når man skal gjennomføre eit studie skal man bestemme kven som skal delta i studien, men også finne kva miljø der det man vil undersøkje kan undersøkjast (Ryen, 2002, s.79). Det er mest vanleg å velje problemstilling og deretter finne eit miljø som eignar seg til problemstillinga. I mitt tilfelle er problemstillinga så spissa at den fortel kven som skal ver informantar og kva miljø ein skal undersøke i. I denne undersøkinga var det grunna tid og rammer for bacheloroppgåver berre plass til to informantar. Eg har derfor valt å intervju ein tilsett i barneverntenesta og ein fosterforelder. Grunnlaget for å gjennomføre det slik er fordi eg ønskjer å trekkje fram både fosterforelderen og den tilsette i barnevernet sine erfaringar og opplevingar. Ved å kontakte barneverntenesta eg hadde praksis i, fekk eg rekruttert ein tilsett i barneverntenesta som takka ja til å vere med i undersøkinga mi. Det var ca. 10 personar som hadde moglegheit til å delta, og det blei den første som ga tilbakemelding om at den ønskte å delta som vart min informant.

For å få ein informant til å representere ei stemme frå fosterforeldre kontakta eg først ei samtalegruppe for fosterforeldre. Då eg ikkje høyrte noko tilbake frå dei, har eg rekruttert informant ved hjelp av personleg nettverk. Dette blei gjennomført ved å sende ein e-post til ein aktuell person/fosterforelder med førespurnad om deltaking i studiet.

Informantane er over 18 år. Sidan eg ikkje har lagra personopplysningar elektronisk eller oppretta eit manuelt personregister med sensitive opplysningar, og lydbandopptaka ikkje er lagra på pc, men er transkribert i anonymisert form, har eg derfor ikkje meldeplikt til NSD (Norsk senter for forskningsdata). Informantane har skrivne under på eit samtykkeskjema til å delta som informant i min studie. Det blei sendt eit informasjonsskriv, som forklarar kva studien går ut på og kva det vil innebære å ver informant, til begge deltakarane per e-post. Informantane blei også informert om at det var heilt frivillig å delta og at dei har moglegheit til å trekkje seg frå studiet når dei måtte ønskje det, utan at dette skulle ha negativ påverking på dei.

Informanten frå ei barnevernteneste er ca. 50 år, har jobba 25 år samanhengande i barnevernteneste og vert innoom fem forskjellige barnevernskantor i løpet av dei åra. Fosteremor som deltok i studien har vert fosteremor i ca. ti år og hatt eit fosterbarn. Fosterbarnet i familien er ca.12 år. I løpet av denne perioden har familien hatt ti forskjellige sakshandsamarar.

4.3 Intervju

Eg har gjennomført eit semistrukturert intervju, med ein intervjuguide. Ein intervjuguide er ei liste over tema og generelle spørsmål til intervjuet, spørsmål og tema tar utgangspunkt i problemstillinga som undersøkinga skal belyse (Johannessen, et al., 2010, s. 139). Eit slikt intervju gir eit preg av ein samtale, og kan gi informanten ein lettare og meir uformell atmosfære å snakke i (Johannessen, et al., 2010, s.138). Det er også vanleg for semistrukturert intervju at forskaren kan bevege seg fram og tilbake i intervjuguiden.

4.3.1 Gjennomføring

Intervjuet med ein tilsett i barneverntenesta blei gjennomført på informantens kontor. Grunnen er at eg skulle ver tilgjengeleg og det skal ikkje verke som eit ”ork” å måtte delta i studien, noko det mogleg hadde gjort om informanten måtte ha reist for å møte meg. Dette er same argument til kvifor eg intervjuar fosterforelder i heimen deira. Eg har brukt to forskjellige intervjuguida, då spørsmåla er tilpassa informantane sine roller.

4.4 Analyse

For å kunne analysere funna i undersøkinga har eg transkribert intervjua. ”Å transkribere betyr å transformere, skifte fra en form til en annen” (Kvale & Brinkmann, 2009, s.187). Ved å transkribere intervjua blir det utført ein anonymisering av intervjuobjekta. Eg har valt å transkribere på nynorsk, og ikkje informantane si dialekt, bortsett frå når det er spesifikke uttrykk som understrekar eit poeng i informasjonen. Dette er eit bevist val, då det ikkje skal ver mogleg å gjenkjenne informantane.

Når man analysera kvalitative data vil det innebere å korte ned på datamengda og dele det inn i kategoriar som kan gi ei oppsummering av fleire tema frå innsamla data (Ryen, 2002, s. 145). Analyseprosessen skal bidra til å få orden, meining og skape struktur i innsamla data (Ryen, 2002, s.145). Ved analyse av innsamla data gjelder det å dele informasjonen inn i beskrivande kategoriar og relevante tema.

4.5 Moglege feilkjelder

Ved å bruke ein empirisk undersøking som metode vil eg få nye opplysningar å diskutere. Ein kritikk til denne typen metode kan vere mine eigne tolkingar av innsamla data. Den innhenta

informasjonen blir sett på med mine "auge" og erfaringar eg har frå før vil naturleg spele inn på korelis eg tolkar informasjonen.

Det er viktig å ver bevisst på at det å rekruttere informantar gjennom personleg nettverk kan ha påverka utfallet i studien. Sidan eg sjølv har "valt" ein person eg ville spørje om å bli med i studien kan man stille spørsmål ved kvifor eg valte denne personen. På den andre sida kan man sjå på det som ei styrke for den informasjonen eg har fått. Når eg allereie har ein relasjon til personane eg intervjuar kan dei føle seg tryggare på meg som person og det er mogleg at eg får meir informasjon enn kva dei hadde vert villig til å dele med ein heilt framand person. Eg vil forsikre om at eg ikkje har "plukka" ut informantar der eg på førehand har kjennskap til forholda eller informasjonen dei kjem med.

4.6 Metodeetikk

Når man gjennomfører ein studie der menneskjer utleverar informasjon om sitt private liv og dette vidare blir formidla ut i det offentlege må man ta omsyn til ei rekke etiske problem (Kvale & Brinkmann, 2009, s.80). Ved å transkribere intervjua anonymt, har eg teke omsyn til personvernet ovanfor informantane. Vidare i analyseprosessen og framstilling av funn, må dette framstillast slik at informantane kjenner seg igjen i uttalen. Det har derfor også vert viktig å ikkje komme med påstandar som ikkje stemmer eller informantane ikkje kjenner seg igjen i.

5.0 Resultat og drøfting

Målet med denne undersøkinga var å få fram opplevingane ein tilsett i barneverntenesta og ein fosterforelder kring eit samarbeid knytt til fosterbarnet, og for å framheve dette best mogleg vil resultat og drøfting komme under same kapittel. Eg vil presentere funn frå begge intervjua i tre kategoriar og kople desse opp til teori og forskning. "De som stoler på hverandre samarbeider mer og er mer tolerante, risikovillige, kreative og fornøyde enn andre" (Grimen, 2009, s.11).

5.1 Tilgjengelegheit og kontakt med barnevernet:

I føle Forskrift om fosterhjem (2003) §7 tredje ledd skal barneverntenesta besøke fosterheimen minimum fire gonger i året, og så ofte som naudsynt for å kunne oppfylle

ansvaret dei har om oppfølging av barnet. Dette er ein av gangane barnevernet har kontakt med fosterheimen, men også for å følge opp med ansvarsgruppemøter og tilrettelegging kring barnets behov.

Fostermor fortel at dei som fosterfamilie har hatt ti forskjellige sakshandsamarar over ein periode på ti år, som resulterer i eit snitt på ein sakshandsamar i året. Grunnen til skifte har vert både naturlege skifte, då sakshandsamar har gått av med pensjon, men dei fleste tilfella har vert kopla til sjukemeldingar og permisjonar. I heftet ”Håndbok for bedre kommunikasjon i fosterfamilien” fortel også desse fosterforeldra om fråværet til sakshandsamar, og beskriv det som svært frustrerende. Frustrasjonen er størst i dei situasjonar då fosterforeldra er avhengig av å få tilstrekkeleg informasjon for å kunne handle til det beste for barnet (Sanner & Dønnestad, 2008).

Fostermor frå mi undersøking fortel at dei har hatt periodar med både positivt og negativt samarbeid med barnevernet, og legg til at dei no har eit godt forhold til den noverande sakshandsamaren:

”...så vist det er krise så kan vi ringe til ho, eller vi kan ringe til barnevernsleiar”.

På spørsmål om korleis fostermor opplever å ta kontakt med barneverntenesta svarar ho:

”No går de greitt. Men vi har jo hatt ein periode då det overhodet ikkje var greitt, ein periode vart det så umulig å få tak i barneverntenesta at vi måtte ringe til rådmannen i kommunen, og denne perioden hadde vi fryktelig mykje kamp mot barneverntenesta”.

Ho fortel vidare ei forteljing om eit ansvarsgruppemøte som beskriv korleis kontakten mellom fostermor og barneverntenesta var på dette tidspunktet. Ansvarsgruppemøtet var i forbinding med fosterbarnets skulestart der dei blant anna snakka om resursar til barnet. Fostermor legg vekt på at dette er eit barn med store utfordringar. Sakshandsamar lovde, etter fostermors, skulens og PP-Tenesta si oppfatning, at fosterbarnet skulle få alle dei resursane det trengte, og tryggja dei om at dette skulle ordne seg. Det blei deretter søkt om dei naudsynte resursane, og då svara kom var det berre 50 % av søkte midlar som var innvilga. Fostermor tok deretter kontakt med barneverntenesta igjen og var i denne samanheng missnøgd med tildelte midlar, då ho satt med inntrykk av at dei skulle få full støtte til barnet. På dette ga sakshandsamar

tilbakemelding om at fostermor måtte skjønne sjølv at dei måtte gjennom ein søkeprosess, og deretter få innvilga naudsynte midddlar.

”...så seier eg at ja men då har jo du ført oss bak lyset. Ho burde heller ha sakt at vi gjer so godt vi kan, og ikkje sitte å love at barnet skal få alt det det har krav på”.

Ved å sjå på denne forteljinga knytt til eit kommunikasjons- og relasjonsperspektivet kan ein tenkje seg at det har oppstått dårleg kommunikasjon mellom fosterforeldre og barneverntenesta og derfor blir det ein dårlig relasjon. Grunnen til den dårlige relasjonen kan komme av fleire element. Ut ifrå forteljinga fostermor formidlar frå eit ansvarsgruppemøte kan man oppfatte situasjonen på den måten at ho som fostermor ikkje følte å bli tatt på alvor. Det kan også tenkjast at ho opplevde frustrasjon og svik då dei vart lova midddlar til fosterbarnet, noko barneverntenesta ikkje oppfylte. I tillegg var det i perioden etterpå svært vanskeleg for fostermor å få kontakt med barneverntenesta.

Barnevernsarbeidaren frå min studie seier ikkje noko konkret om korleis ho opplever det å ta kontakt med fosterforeldra, men tek opp tidsmangel som ei ”veldig utfordring” for samarbeidet.

”Vist ikkje sakshandsamar ikkje har tid, ikkje har tid til å komme på besøk, ikkje har tid til å høre etter, ikkje har tid å avklare internt med leiar kva vi kan og ikkje kan gjere”. Vidare fortel ho at: ” Eg har opplevd å ta over saker med fosterfamiliar der dei har vert kjempe frustrert fordi dei har opplevd at sakshandsamar har vert sjukemeldt eller det har vert mange skifter. Og at dei då føler at dei må kjempe, både for å få rettleiing og anerkjennelse for kva dei står i”.

Dette samsvarar med det fostermor i undersøkinga formidlar om frustrasjon over å ikkje få kontakt med barneverntenesta. Fordi det ikkje er mogleg å ikkje kommunisere vil det faktum at barneverntenesta ikkje har tid eller ikkje svarar på telefon, SMS og liknande vere ein kommunikasjon det også (Jensen & Ulleberg, 2011). Det kan tenkast at denne kommunikasjonen kan signalisere eller opplevast for fosterforeldre at dei ikkje er viktige nok for at barneverntenesta skal bruke tid på dei. Det er gjennom samtalar og kommunikasjon at relasjonen etablerast, og denne relasjonen vil vere grunnlaget for den vidare kontakten og samarbeidet (Jensen & Ulleberg, 2011).

5.2 Tillit og anerkjennelse

Både fostermor og barnevernsarbeidaren formidlar viktigheta av tillit. Barnevernsarbeidaren fortel at det nødvendigvis ikkje treng å ver gjensidig tillit, men så lenge barnevernet har tillit til fosterforeldra vil dette lette arbeidet veldig. Barnevernsarbeidaren forklarar:

”Det er dei som formidlar si verkelegheit og vi må ha tillit til at dei klarar å bedømme kva dei treng... ja det handlar mykje om den tilliten”.

Eg spør deretter ”at den er gjensidig? At man føler at man blir respektert?”, og til det svarar barnevernsarbeidaren:

”Nei det er ikkje så viktig, men vist eit fosterforeldrepar seier at det er slitsomt for dei å ver i full jobb, hadde det gått an at den eine hadde fått meir tid? Og vist dei då opplever at barnevernet er negative til det, og kanskje blir irritert, sant, så blir det større og større avstand, for då e der ein misstillit. Men vist ein viser at man er einig i forslaget og forstår behovet og vil følge tett opp om behovet fortsatt er der om eit halv år også til dømes”. Ho fortel vidare ei historie der ho har opplevd eit slikt tilfelle og avsluttar med å sei: ”Så tillit er eit viktig viktig ord”.

Ved at barnevernsarbeidaren har tillit til fosterforeldra treng dei ikkje stadig å undersøkje om det fosterforeldra formidlar er sant eller usant, tillit gjer det lettare å overføre informasjon (Grimen, 2009). Ein kan tenkje seg at dette inngår i det Dimmen (2007) definerer som kollegaposisjonen, der fosterforeldre og barneverntenesta i stor grad er likestilt og har ein open kontakt. For å illustrere denne kollegaposisjonen kan ein tenkje seg at fosterforeldre og barnevernsarbeidaren må avklare kva roller dei har, og på denne måten får begge ver ein del av den avgjerda og har begge delteke for å gjer samarbeidet best mogleg.

Fostermor fortel at sjølv om dei har ein god kontakt og eit godt samarbeid, er det fortsatt ikkje alt som er på plass:

”...vi har bedt om å få avlastning i mange år, men vi har ikkje avlastning. Vi har hatt fire familiar men alle har gitt opp, og vi kan ikkje utsette barnet for fleire brot. Dette

meina eg at barneverntenesta er for dårleg på, dei må finne andre tilbod. Vi har ikkje hatt tid til å trekke pusten, vi føler at vi står i den eine kampen etter den andre og kjempar aleine. So dotter mi sa: men kva med oss då? Vi kan ikkje gi opp. Vist dei som har hatt barnet ei helg i månaden gir opp, kor mykje har ikkje vi følt på det også? Her må vel barneveret forstå at her må dei gjer noko for å hjelpe oss". Vidare seier fostermor: "Når alle papira, alle tilsyn og alle ansvarsgruppemøte viser at vi har eit barn med kjempe store problem då tenkjer eg at det er kjempe viktig at vi som fosterforeldre føler at vi blir tatt vare på".

Eit fosterbarn kan ved hjelp av tidleg samarbeid med andre tenesteytarar, som til dømes, BUP, PP-Tenesta, skule og barnehage, hindre ei dårleg utvikling (Bunkholdt & Kvaran, 2015). Men det er også tilfelle der barn lever under så omfattande omsorgssvikt at sjølv tidleg hjelp kanskje ikkje kan hindre alvorleg problemutvikling. Utan å seie noko om kva type eller omfanget av omsorgssvikt dette fosterbarnet har opplevd, kan det tenkjast at det i stor grad har påverka barnet og det no har omfattande problem.

Denne fosterfamilien formidlar ein frustrasjon knytt til mangel på tilbod til fosterbarnet og fosterfamilien. Dersom man ser på det Bunkholdt og Kvaran (2015) skriv om tidleg tverrfagleg samarbeid, kan det tenkjast at barnet kunne hatt eit anna utgangspunkt i dag dersom det hadde vert eit betre tverrfagleg samarbeid tidleg.

5.3 Støtte

På spørsmål om kva som er positivt med eit godt samarbeid svarar fostermor slik:

"Det er at dei både ser å høyrer oss. Vi ringer ikkje ofte til barneverntenesta, vi ringer berre dersom det er total krise, og då ønskjer eg at barneverntenesta eller nokon i systemet skal ringe oss for å høyre korleis vi har det. Gjerne ein gang i veka, det gjer ingenting. Om vi har ein tøff periode så gjerne fleire gonger i veka, for å høyre korleis det går"

Det fostermor fortel om her kan man kople opp til opplevinga av å få støtte i det arbeidet ho gjer. Avhengig av kva relasjon fostermor har med barneverntenesta vil ho enten føle seg som subjekt eller objekt sett frå eit relasjonsperspektiv. I eit godt samarbeide vil det vere hensiktsmessig at begge opplever at dei er subjekt i relasjonen. Dersom ein av dei får ein

objekt posisjon, vil denne personen ikkje ha noko innflytelse knytt til dei oppgåvene som skal utførast og dette vil påverke samarbeidet. Dette kan koplast opp til det Pedersen et al. (2014) skriv om rolleforventningar. For å ha eit betre utgangspunkt for godt samarbeid bør rollene ver noko avklart, då dette gjer det lettare for både barnevernsarbeidaren og fosterforelderen å samarbeide.

Barnevernsarbeidaren fortel viktigheita ved at barneverntenesta støttar fosterforeldra:

”Ei veldig utfordring for samarbeidet er vist fosterforeldra opplever at det er vanskelig og ikkje får den støtta dei trengjer frå barneverntenesta, enten ved at dei ikkje får god nok økonomisk støtte...ja, vist ikkje barneverntenesta forstår kvardagen til fosterforeldra, så gnissar det”. Vidare fortel ho ”vi er arbeidsgivaren deira, og dei trengjer både vår ros og støtte for den jobben dei gjer. Dette trur eg mange fosterforeldre viser gjennom sin frustrasjon at dei ikkje får, at dei står veldig aleine”.

Man kan sjå ein samanheng mellom det barnevernsarbeidaren fortel her, og det fosterforeldre i dei andre studiane fortel om frustrasjon til barneverntenesta. Worren (2014) sine funn fortel at nokre fosterforeldre ikkje blei støtta eller at det ikkje blei tatt omsyn til deira forståing og meining. Dei fortel vidare at denne frustrasjonen gjor det vanskelegare for samarbeidet og gav ein følelse av å stå aleine om ansvaret for barnet.

5.3 Økonomiske synspunkt

Thomson (2007) sin studie beskriv barnevernsarbeidarane si oppfatning av at nokre fosterforeldre var oppteken av økonomisk godtgjering. Dei var stadig i ein posisjon der dei måtte vurdere kva motivasjonen til fosterforeldra var. Barnevernsarbeidaren eg intervjuar fortel også noko om det med godtgjering og frikjøp:

”Eg har hatt saker der fosterforeldra er frustrerte, fordi dei kanskje har blitt misstenkt for å ver oppteken av pengane, men det er også dei sakene der det ikkje er samanheng mellom det dei får og det dei yter”.

Samstundes har fosterforeldre blitt godkjente til å utøve denne rolla, og det ville vert naturleg å oppdage gjennom PRIDE kurs kven som er oppteken av pengar framfor det å hjelpe eit barn i ein vanskeleg situasjon (Bunkholdt & Kvaran, 2015).

I Thomson (2007) sine funn var det også dei fosterforeldra som ikkje hadde pengar som motivasjon for å gjennomføre oppdraget for barneverntenesta. Nokre av barnevernsarbeidarane frå Thomson (2007) sin studie var bevist på at det å ver fosterforeldre ikkje var noko stor inntektskjelde, og utbetalingane er ikkje nok til å dekkje alle utgifter knytt til fosterbarnet.

6.0 Konklusjon og avslutning

Hensikta med oppgåva var å undersøkje korleis samarbeidet mellom barneverntenesta og fosterforeldre føregår. Dette har eg forsøkt å få til ved å gjennomføre ein kvalitativ undersøking. Studien består av gjennomført intervju som er blitt transkribert og analysert for å vidare kunne drøfte opp mot teori og andre studiar.

Eg vil løfte fram ordet tillit som eit av dei viktigaste punkta i både mine resultat og resultat frå tidlegare studiar. Fosterforeldre formidlar at det er naudsynt med tillit for å få til god kommunikasjon og eit godt samarbeid. Barnevernsarbeidaren formidlar derimot at tilliten ikkje treng å ver gjensidig, så lenge dei tilsette i barneverntenesta har tillit til fosterforeldra. Barnevernsarbeidaren fortel vidare at det er dei som formidlar si verkelegheit, og dei som ”arbeidsgivar” må kunne ha tillit den jobben dei utførar. Vi har også blitt kjend med at fosterforeldre ynskjer å bli høyrte på, at deira meining skal bli med i vurderingar ser dei på som særlig viktig i eit godt og likeverdig samarbeid. Eg vil med dette konkludere med at dersom desse punkta ikkje blir følgd kan dette igjen gå ut over barnet, og i slike situasjonar vil det vere naudsynt å tenkje på kven dei samarbeida for. Skifte av sakshandsamarar er eit gjennomgåande frustrasjonsmoment for fosterforeldra. Det å ikkje få kontakt med barneverntenesta, ikkje bli høyrde på og ikkje få positive tilbakemeldingar gjer jobben som fosterforelder enda vanskeligare og krevjande enn det den i utgangspunktet er. Det går igjen at dei som ikkje har eit så godt samarbeid med barneverntenesta opplever å stå aleine i det som skulle ver eit team og samarbeid. Til slutt vil eg legge til at alle tilfelle vil ver forskjellig, og folk opplever og oppfattar informasjon og situasjonar ulikt. Det vil derfor ver viktig å få ein god relasjon frå start, slik at kommunikasjonen og samarbeidet blir godt.

7.0 Litteraturliste

Barnevernloven (1992). *Lov om barneverntjenester*. Henta frå:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova#KAPITTEL_4.

Bufdir (2013). *PRIDE grunnkurs: opplæring for fosterforeldre*. Henta 27.04.16 frå:

http://www.bufdir.no/Fosterhjem/Hvordan_bli_fosterhjem/Delta_pa_kurs/Pride_grunnkurs/.

Bunkholdt, V. (2010). *Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Dimmen, S. A. (2007). *"Å ha et barn sammen". Ein studie av fosterforeldre sine forhandlingar med barneverntenesten*. (Mastergradsavhandling, Høgskolen i Oslo)
Henta frå: https://oda.hio.no/jspui/bitstream/10642/273/2/Dimmen_SivAnne.pdf.

Forandringsfabrikken. (u.å). *Om forandringsfabrikken*. Henta 10.05.16 frå:

<http://www.forandringsfabrikken.no/om-oss/>.

Forskrift om fosterhjem (2003) *Forskrift om fosterhjem*. Henta 27.04.16 frå:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-12-18-1659?q=fosterhjem>.

Grimen, H. (2009). *Hva er tillit*. Oslo: Universitetsforlaget.

Håkonsen, K. M. (2009). *Innføring i psykologi*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Jensen, P. & Ulleberg, I. (2011). *Mellom Ordene. Kommunikasjon i profesjonell praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

- Johannessen, A., Tufte, P.A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kinge, E. (2012). *Tverretattlig samarbeid omkring barn*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Pedersen, I. L., Austrheim, G. L., Totland, L., Andenes, E. & Stær, C. E. (2014). *Samarbeid mellom fosterforeldre og barneverntjenesten*.
(Mastergradsavhandling/fordypningsoppgave, Høgskolen i Molde) Henta frå:
https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/223557/fordypning_pedersen.pdf?sequence=1&isAllowed=y.
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Sanner, M., Dønnestad, E., Forandringsfabrikken, & Norsk fosterhjemsforening. (2008). *Håndbok for bedre kommunikasjon i fosterfamilien : Fra fosterforeldre til fosterforeldre*. Oslo: Norsk fosterhjemsforening.
- Sollesnes, T. (2008). *Problematferd i et relasjonelt perspektiv*. Bergen: Caspar Forlag AS.
- Statistisk sentralbyrå. (2015). *Auke i barn under omsorg av barnevernet*. Henta 13.04.16 frå <https://www.ssb.no/barneverng/>.
- Thomson, J. (2007) Child Protection Workers' Perception of Foster Carers and the Foster System: A Study in Queensland. *Australian Social Work*, Vol. 60, (No3.), 336-346.
Henta frå: <http://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/03124070701519694>.
- Worren, H. A. (2014). *"Et likeverdig samarbeid – å spille på lag"*. (Mastergradsavhandling, Diakonhjemmet Høgskole). Henta frå:
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/217739/Masteroppgave2014HeidiAustvikWorren.pdf?sequence=1&isAllowed=y>.

8.0 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1 Intervjuguide

Intervjuguide til barnevernsarbeidar

”Korleis opplever barneverntenesta og fosterforeldre eit samarbeid?”

- Kor lenge har du jobba som saksbehandlar i bvt?

Dersom du tenker generelt på samarbeid som du har med ulike fosterforeldre;

- Når det kjem til samarbeidet, er det noko som går igjen? Kva?
 - Tid?
 - Prioriteringar?
- Korleis opplever du at eit samarbeid med fosterforeldre kan vere?
- Utfordringar du vil trekke fram?
- Positive og negative utfordringar?
- Korleis opplever du at dette påverkar samarbeidet?
- Korleis opplever du at det påverkar ditt arbeid som barnevernspedagog?

Intervjuguide til fosterforelder

- Kor lenge har du vert fosteforelder? Kor mange fosterbarn har du hatt?
- Har du hatt fleire enn ein saksbehandlar i bvt? Kor mange?
- Fortell meg litt om korleis du opplever samarbeidet du har med barnevernet?
- Korleis opplever du at det er å ta kontakt med bvt?
 - Har dei tid til å snakke med deg?
 - Opplever du å få svar på spørsmåla du har?
- Utfordringar du vil trekkje fram?
- Positive og negative opplevingar?
- Korleis opplever du at dette påverkar di rolle som fostermor?
- Korleis opplever du at dette påverkar samarbeidet med bvt?
- Noko som hindra samarbeid? Kva?

8.2 Vedlegg 2 Informasjonsskriv

Førespurnad om å vere informant til bacheloroppgåva:

”Ein kvalitativ studie av barneverntenesta og fosterforeldre si oppleving av samarbeidet kring fosterbarnet”

Bakgrunn og formål

Eg, Caroline Storehaug Øren, går 3.året barnevernspedagog ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. I forbindelse med mi bacheloroppgåve vil eg gjennomføre ein empirisk undersøking der eg ønskjer å fokusere på samarbeidet mellom barnevernstenesta og fosterforeldre.

Eg ønskjer å intervju ein saksbehandlar i barneverntenesta og ein fosterforelder.

Kva inneberer deltaking i studien?

Eg skal gjennomføre ein kvalitativ studie der eg brukar semistrukturert intervju. Eg er oppteken av korleis dykk som barnevernspedagog og fosterforelder opplever samarbeidet. Intervjuet vil bli meir som ein dialog mellom oss, der dykk kan fortelje dykkar erfaringar og opplevingar knytt til samarbeidet.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg som har tilgang til personopplysningar. Intervjuet vil bli tatt opp på bandopptakar og i etterkant skal eg anonymisere dette i bacheloroppgåva mi. Det vil derfor ikkje vere mogleg for andre å kjenne igjen kven som har vert deltakar i intervjuet. Etter at oppgåva er levert vil all informasjon om deltakarane bli makulert.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studiet, og du kan når som helst trekke ditt samtykkje utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta.

Dersom du ynskjer å delta eller har spørsmål til studiet, ta kontakt med Caroline Storehaug Øren på

tlf:

e-post:

Rettleiar på oppgåva er høgskulelektor: Berit M. Njøs, tlf:

Vennleg helsing

Caroline Storehaug Øren

8.3 Vedlegg 3 Samtykkeskjema

Samtykke til deltaking som informant til bacheloroppgåve

Eg har mottatt informasjon om bacheloroppgåva ”*Ein kvalitativ studie av barneverntenesta og fosterforeldre si oppleving av samarbeidet kring fosterbarnet*” og ynskjer å stille til intervju. Eg er også kjend med at informasjonen eg gir blir anonymisert og kva den blir brukt til. I henhold til dette godkjenner eg å stille som deltakar i studiet.

Eg har mottatt informasjon om studiet, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)